



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 20. juni 2014

NVE

FRÅSEGN – 5 KRAFTVERK I SUNNDAL

Naturvernforbundet ønsker å gi fråsegn i denne saka.

I dalføret frå Oppdal til Sunndalsfjorden har det vore kraftutbygging i svært lang tid. Dette har gått i steg, med dei store Aura-utbyggingane, Driva kraftverk og kampen om Åmotan i tidlegare år. Ulvund kraftverk kan også nemnast, sjølv om vassdraget renn ut i nabofjorden. Grøa kraftverk kom i ein mellomperiode, bygd i nyare tid med gamal konsesjon. Så kom den nye bølga frå kring 2000 med ei rad småkraftverk. Summen av dette er at dei fleste elvane er lagde i røyr allereie. Småkraftpakka i 2014 gjeld dei siste vassdraga av ein viss storleik. Vi er komen dit at ei «vanleg» elv gjennom «vanleg» natur ikkje lenger er det, men at det dreier seg om den siste elva av ein viss storleik som renn gjennom det ein reknar som «triviell natur». Spørsmålet då blir om den vanlege/trivielle naturen eigentleg høyrer heime på raudlista når han finst i kombinasjon med ei uregulert elv.

Vassdraga som framleis renn fritt

På nordsida av Sunndalsdalføret finn ein elva som kjem ned i Sandvikdalen som urørt av kraftutbygging, noko som gjerne skuldast vern i form av naturreservat. Går ein vidare austover er elvane utbygde, omlagde, omsøkt utbygde eller fått konsesjon, heilt til Oppdal. Den største elva som er igjen er Vinnu. Dei fire elvene som no er søkt om på nordsida av dalen er altså dei siste vassdraga som er igjen i fri flyt.

På sørsida av dalføret er det ikkje betre. Frå Åmotan og utover er det Hareima igjen. I Øksendal er det Erstadelva som blei avslått, og noko oppe i Kanndalen som også er avslått. Det er vel det heile.

Sunndal kommune, bygd opp på krafta av elver som stuper seg ned fjellsidene, er i ferd med å tørke opp. Sølvsmykka på bunaden, eller elvene nedetter dalsidene, held på å bli borte, og Sunndalssamfunnet er i ferd med å bli historieløst om elvene som no er omsøkt blir redusert til

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

minstevassføring over lange periodar.

Naturvernforbundet si vurdering av dei 5 søknadene kort oppsummert:

Gryta

Naturvernforbundet har påvist fleire raudlisteartar knytt til alm i røyrgatetraseen nær kraftverket. Vidare er landskapet vanskeleg å bygge i utan at inngrepa blir store og langvarig sterkt synlege. Det er problemstillingar knytt til tilkomst ved dam både i anleggsperiode og driftsperiode. Det er uavklarte problemstillingar knytt til grunnvatn i nedre del.

Somrungen

Naturvernforbundet har påvist fleire raudlisteartar knytt til alm i røyrgatetraseen nær kraftverket. Vidare er landskapet vanskeleg å bygge i utan at inngrepa blir store og langvarig sterkt synlege. Det er problemstillingar knytt til tilkomst ved dam både i anleggsperiode og driftsperiode. Det er uavklarte problemstillingar knytt til grunnvatn i nedre del.

Torske

Elva Skorga er eit landemerke, og Fossa syner godt den også. Bortfall av vatn i desse to elvene er uakseptabelt sjølv om den tekniske løysinga med boring i fjell gjer sjølve det fysiske inngrepet mindre. Det er problemstillingar knytt til tilkomst ved dam både i anleggsperiode og driftsperiode. Det er uavklarte problemstillingar knytt til grunnvatn i nedre del.

Hareima

Hareima er eit landemarke, mellom anna godt synleg frå både campingplassane på Furu. Det er det einaste vassdraget som er igjen på sørsida av dalen. Nabovassdraget lenger aust hadde nok større biologiske verdiar før det blei utbygd, men Hareima er det einaste nordvendte vassdraget igjen. Det er uavklarte problemstillingar knytt til grunnvatn i nedre del.

Skrondal

Tverråa er det einaste vassdraget igjen på nordsida av Øksendalen. Bora vassveg vil gjere inngrepet mindre, men borttaking av vatn frå vasstrengen er eit grunnleggande problem. Naturvernforbundet har funne ein raudlisteart i røyrgatetraseen. Det er problemstillingar knytt til tilkomst ved dam både i anleggsperiode og driftsperiode. Det er uavklarte problemstillingar knytt til grunnvatn i nedre del.

Naturvernforbundet meiner at det i denne «pakka» på fem søknader må bli klart avslag på dei fire i hovuddalføret. Skrondal har ikkje like høg negativ konsekvens ved utbygging, men Naturvernforbundet meiner at dette prosjektet også har såpass uheldig verknad at det ikkje bør byggast.

Det Naturvernforbundet har sett på

Naturvernforbundet har synfart alle vassdraga, men berre dei nedre delane. Inntaket for prosjekta i hovuddalføret har felles problemstilling ved at dei ligg på grensa til landskapsvernområdet. Alle inntaka må byggast veglause, og alt arbeid som skal gjerast der i framtida må ein rekne med må løysast med helikoptertrafikk. Når inntaksdammen ligg tett på utsida av vernegrensa, vil verksemda og trafikken i samband med dette påverke verdiane i landskapsvernområdet. Dette ser vi på som

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

sterkt negativt.

Inntaksområdet i Tverråa skulle vi gjerne ha sett nærare på, men vi har ikkje hatt høve til å synfare dette området i slutten av juni og utover, som ville vere mest høveleg. Både geologien, landskapet og floraen skulle vi gjerne ha sett meir på der. Hadde det vore fleire liknande vassdrag igjen, ville det vere noko lettare å la det vere med det, men når det er siste vassdraget, så er det mogleg vi kjem til å sjå på dette området etter at høringsfristen er ute.

Eit fenomen som går igjen i større eller mindre grad i alle desse prosjekta er at elveleiet blir liggande tørt i dalbotnen ved låg vassføring. Det tyder at det som er av vatn blir borte i ura. Ved utbygging vil det bli lengre periodar med låg vassføring og dermed også tørrlagt elveleie. For fisk trur vi ikkje dette har så mykje å seie. Men fenomenet representerer i alle fall noko som er marginalt, og når desse marginale tilhøva aukar i lengde, har dette noko å seie. Vegetasjonen på både sidene av desse elvene vil naturleg nok vere påverka, utan at det er godt å seie korleis og kor mykje. Om grunnvatnet kan bli påverka er også mellom det som er uvisst. Det har også vore tale om at underjordiske elver har utlaup i Driva, og desse utlaupa veit ein lite om kor er hen. Viss plassering av kraftstasjon fører til at vatnet kjem ut i Driva på andre stader enn det som er normalt, kan dette ha ein verknad som vi veit lite om.



Kartgrunnlaget er frå Gryta kraftverk sin søknad. Her er innlagt med gul strek eit mogleg areal som kan bli påverka av grunnvatnsystemet kring Gryta. Kor denne grensa går er mellom det som er høgst uvisst, så illustrasjonen må brukast til å synleggjere prinsippet. Påverkinga vil kunne bli i form av at vatnet som går i røyret til kraftverket ikkje lenger er med i grunnvatnsystemet i dette området. Det grøne arealet er det som i mindre grad blir påverka, sidan dette er nedstrøms kraftstasjonen. Alle 5 søknadene har denne problemstillinga i større eller mindre grad. Spørsmåla her er lite utgreidd. Det kan gi verknad både på vassforsyning til hus, det naturlege vasshushaldet til vegetasjonen i området og kan hende også anna.



Foto: Øystein Folden 01.01.2014. Kvar mesteparten av vatnet blir av er ikkje godt å seie, men det vil ikkje vere det same om vatnet går i ura eller i eit røyr. Frå Gryta.

Uvissa rundt dette spørsmålet kan reduserast viss kraftverket blir trekt nærare fjellfoten. Truleg er dette vanskeleg av andre grunner, t.d. ras.


Spørsmål knytt til dei einskilte kraftverksprosjekta

Gryta


Det er i søknaden peika på at det er ein naturtypelokalitet med mellom anna alm. Avgrensinga av denne lokaliteten er ikkje heilt enkel. Det som er endå viktigare er kor i området dei høgaste verdiane finst. Ved vår synfaring fann vi eit eldre styvingstre av alm med omkrins 390 cm veldig nær der røyrtraseen må kome. Då kan ein ikkje lenger berre seie at det er ein naturtypelokalitet som vil bli noko råka, men må ta konkret stilling til det som er funne. Det dreier seg om følgjande raudlisteartar: alm (NT), almebroddsopp (VU), skrukkeøre (NT), bleikdoggnål (NT), kastanjestilkkje (VU) og almekullsopp (NT). Undersøkinga vår var ikkje på optimalt tidspunkt (1.1.2014) med kort daglengde, så det er mykje som kan ha vore oversett. Når ein først har funne såpass, er det ein viss moglegheit for at det er fleire raudlista artar i dette området.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr



Raud ring gjeld alm, omkrets 390 cm, med ein rad raudlisteartar. Dei andre ringane gjeld ulike observasjonar som er gjort på same turen.



Kart frå Naturbase 4.6.2014. Det mest interessante funnet av alm ligg litt vest for lokaliteten som er avgrensa.



Same naturtypelokaliteten slik han er avgrensa i søknaden. Denne samsvarar betre med Naturvernforbundet sine funn mot vest.



Rørtrase slik han er innlagt på eit av karta i søknaden.

Bortsett frå biologisk mangfald er det inngrepet som sjølve rørtraseen vil skape som Naturvernforbundet meiner er eit vesentleg moment i saka. Øvre del av rørtraseen er svært bratt og det ser ut til å vere lite lausmasse i delar av dette området. Å sprengje seg ned her, passe på at steinen ikkje forsvinn nedover, få eigna omfyllingsmasse opp i området og så til slutt få lagt på plass sprengstein igjen slik at dette ser så nokolunde ut, trur vi ikkje let seg gjere. Dette vil sjå ille ut i lang tid.

Inntaket er plassert nær vernegrensa. Alt arbeid både i anleggstida og seinare ved inntaksdammen vil lett påverke verneområdet i form av ny aktivitet og støy, mellom anna som følgje av at dette ofte må skje med bruk av helikopter.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Somrunen

Ved vår synfaring 27.10.2013 gjorde vi nokre funn i området planlagd til kraftstasjon. På kvernhuset litt nedstraums fann vi noko som ser ut til å vere svartsonekjuka (NT). I skråninga rett på nordsida av kraftstasjonstomta fann vi ei gamal styvingsalm, og kring denne fann vi fleire raudlisteartar: alm (NT), skrukkeøre (NT), kastanjestilkkjuka (VU) og almekullsopp (NT), den siste med eit lite atterhald då han ikkje var i ein tilstand som gjer at han kan mikroskopast.

I området var det ein del daudved, nokre sig og vegetasjon som vi vurderer å ha eit potensial for ytterlegare funn av raudlista sopp t.d. Mellom anna er det ein god del barksoppar i dette området. Denne soppgruppa har vi for lite kunnskap om til at vi kan vurdere kva artar det er tale om. Men vår oppfatning er at det er tale om artar i eit slikt omfang og i eit miljø som gjer at dette må undersøkast nærare. Det gjeld både område langs nedre del av elva og ikkje minst i området der kraftstasjonen er tenkt.

Sjølv om ein kanskje kan unngå eit direkte inngrep på desse verdiane, så vil ei plassering av kraftstasjon med tilhøyrande røyrgate føre til endra tilhøve for alma og anna vegetasjon i området. Den einaste løysinga for å unngå dette problemet på må vere å plassere kraftstasjonen lenger opp i elva.

Erik Almhjell har gjort oss kjent med at Miljøfaglig Utredning AS har vore i dette området, og at det føreligg eit notat referert som «Gaarder, G. 2010. Supplerende naturfaglige undersøkelser for småkraftverk i Somrunen, Sunndal kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2010:17. 15 s.»

Gaarder har i notatet skilt ut ein lokalitet for gråor-almeskog med verdi B (På grensa til verdi A) i kraftstasjonsområdet. Dei observasjonane Naturvernforbundet har gjort samsvarar godt med det som kjem fram hos Gaarder. Vi går ut frå at Erik Almhjell vil sende dette notatet til NVE, og elles ber vi om at NVE spør etter dette dokumentet.

Bortsett frå biologisk mangfald er det inngrepet som sjølve røyrtraseen vil skape som Naturvernforbundet meiner er eit vesentleg moment i saka. Øvre del av røyrtraseen er svært bratt og det ser ut til å vere lite lausmasse i delar av dette området og dessutan i midtre del. Å sprengje seg ned her, passe på at steinen ikkje forsvinn nedover, få eigna omfyllingsmasse opp i området og så til slutt få lagt på plass sprengstein igjen slik at dette ser så nokolunde ut, trur vi ikkje let seg gjere.

Inntaket er plassert nær vernegrensa. Alt arbeid både i anleggstida og seinare ved inntaksdammen vil lett påverke verneområdet i form av ny aktivitet og støy, mellom anna som følgje av at dette ofte må skje med bruk av helikopter.

Torske


Naturvernforbundet har vore på synfaring 05.01.2014 og eit meir avgrensa besøk 13.05.2014.

Teknisk skil dette prosjektet seg ein god del frå dei to andre søknadene på nordsida av Sunndalen. Valde løysing unngår inngrep i terrenget oppetter brattaste dalsida. Gravearbeid vil difor skje i kulturmarka. Når det gjeld vurderingane av naturbeitemark som røyrtraseen vil vere borti, er vi

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

usikker på vurderinga av denne. I utgangspunktet har vi rekna med at den delen av området som har skog har vore gjengrodd, men at det i den seinare tida er opna ved meir aktiv beiting. Når vi har gått i området, kan det sjå ut som det er ein god del restar av dei gamle naturbeitemarkverdiane som er igjen, utan at vi har fått oversikt over desse. Graving i naturbeitemarka der det er eng utan trevegetasjon er truleg ikkje det store problemet, men det vil vere verre med graving i tresette delar av naturbeitemarka i området, då denne kan vere for lite kartlagd.



Der Skorga når dalbotnen er det ein foss, biletet til venstre, tatt 13.5.2014. Vassføringa er nok lita etter årstida. Områda rundt ber preg av vasståke i lengre periodar. I høgre biletkant står det alm og vegetasjonen særleg på denne sida er tydeleg påverka av fukt frå elva. Dette vil kunne endre seg med redusert vassføring over lengre periodar. På alma (NT) her er det funne ein kullsopp, sannsynleg almekullsopp (NT). Båe sidene av denne fossen bør undersøkjast nærare.

I biletkanten nedst til venstre fann vi ein del artar vi normalt finn i kalkpåverka område, ofte i fjellet. At ein finn fjellplanter på ein slik stad er ikkje unormalt. Funn av bergfrue, fjellsyre, fjellveronika, ullarve og fingerstarr fortel om eit noko rikare miljø enn ein kan vente seg i utgangspunktet.

Denne fossen er elles ganske lett tilgjengeleg i eit område som blir brukt av mange frå før, og har såleis eigenverdi slik også.

Utløpskanalen frå kraftverket vil når denne kjem nær austre løpet av Skorga passere ikkje langt unna ein lokalitet av svartorskog. Denne lokaliteten er lite eller mangelfullt undersøkt så langt vi kan forstå. Lokaliteten er markert på kartutsnittet nedanfor. Avgrensinga for denne lokaliteten har vi ikkje opplysningar nok til å kunne gjere anna enn grovt og skissemessig. Graving i nedkant av denne lokaliteten kan endre vasshusholdinga for lokaliteten og verdien av lokaliteten kan bli borte.



Inntaket er plassert nær vernegrensa. Alt arbeid både i anleggstida og seinare ved inntaksdammen vil lett påvirke verneområdet i form av ny aktivitet og støy, mellom anna som følgje av at dette ofte må skje med bruk av helikopter.

Hareima


Naturvernforbundet har vore på synfaring 11.5.2014. Dei flatare delane av området, dvs. områda rundt kraftstasjonen er prega av større areal som er i gjengroing etter tidlegare truleg å ha vore opne beiteområde. Innimellom er det små lommer med litt spesielle tilhøve knytt til gamle elvelaup eller at grunnvatnet står høgt. Vi fann ikkje noko spesielt i området, men området er nok ikkje så einsarta som undersøkinga i søknaden syner, og ein kan ikkje utelukke at det finst biologiske verdiar som er meir interessante i dette området.

I den brattare delen av området er det lauvskog av ymse slag som må ha vore beita meir i tidlegare tider. Det er vanskeleg å vurdere om det er restverdiar igjen frå den gamle bruken, eller om ein er i ein mellomfase der dei gamle verdiane er borte og nye ikkje er kome til. Situasjonen er truleg mest avklara langs traktorvegen i området.

Øvre del av røytrase finst i to alternativ, enten i form av bora hol eller nedgrave røyr. Nedgrave røyr representerer eit mykje større inngrep, både landskapsmessig og når det gjeld biologisk mangfald, enn eit boreprosjekt.

Landskapsverdiane knytt til Hareima er store. Hareima er einaste vassdraget igjen med naturleg vassføring som kjem ned i nordvendt skråning i Sunndalen. Det må vere ein del område langs Hareima som er mykje eller noko påverka av fukt frå elva. Sjølv om det ved undersøkingane knytt til biologisk mangfald ikkje er påvist artar med spesiell verdi, er det ein viss moglegheit for at noko kan vere oversett. Krava om kunnskapsgrunnlaget må vere monaleg høgare når spørsmåla dreier seg om areal som er det siste av sin type i eit større område. Elles er det nødvendig å ta vare på heilt vanleg natur med slik påverknad også. Når ein gong etter gong har bygd ut «vanleg» natur, kan vanleg natur ta til å bli sjeldan.

Biletet ved sidan av er tatt 11.5.2014 på ganske låg vassføring, sett frå ein av campingplassane på Furu.



Skronndal


Det blei ved synfaring 11.5.2014 funne hasselrurlav (NT). Dette er ein lavart som finst på glattbarkstre litt lenger ut langs kysten, og funnet her er noko spesielt i så måte. Funnet blei gjort i eller nær røytraseen. Omtrent same stad blei det gjort eit funn av orekjuke som også må nemnast. Arten er ikkje veldig vanleg, og det er ofte mogleg å finne biller som heller ikkje er vanlege i samband med denne. I dette området er det geologiske formasjonar truleg knytt til gamle elvelaup som gir lokalt spesielle tilhøve knytt til gråor-heggeskog og andre naturtypar i mosaikk. Denne delen av området er nok for lite undersøkt. Det bør vere råd å unngå området ved ei omlegging av røytraseen.

Ved synfaringa fann vi også larvestadiet av ei bille frå slekta Meloe. Her er det vel tale om to moglege artar, ein som er raudlista og ein som er mindre vanleg. Funnet blei gjort i naturbeitemarka i nedre del av aktuell røytrase.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

Det blei ved synfaring 11.5.2014 funne hasselrurlav (NT) (Markert på kartet ved sidan av med gul firkant). Dette er ein lavart som finst på glattbarkstre litt lenger ut langs kysten, og funnet her er noko spesielt i så måte. Funnet blei gjort i eller nær røytraseen. Omtrent same stad blei det gjort eit funn av orekjuke som også må nemnast. I dette området er det geologiske formasjonar truleg knytt til gamle elvelaup som gir lokalt spesielle tilhøve knytt til gråor-heggeskog og andre naturtypar i mosaikk. Denne delen av området er nok for lite undersøkt. Det bør vere råd å unngå området ved ei omlegging av røytraseen.



Det kalkrike området i fjellet nær inntaket skulle vi gjerne ha sett nærare på. Opplysningane om dette området er litt knappe til at vi får danna oss eit godt inntrykk av verdiane i området, og om verdiane vil bli påverka.

Inntaket er plassert med noko avstand til vernegrensa, men det er ingen naturleg barriere som skjermar. Alt arbeid både i anleggstida og seinare ved inntaksdammen vil lett påverke verneområdet i form av ny aktivitet og støy, mellom anna som følgje av at dette ofte må skje med bruk av helikopter.

Samalikning av vassdraga

Både for Somrunen og Gryta er det innslag av alm langs nedre del av vassdraga. Båe stader er det funne grove almar med styvingsfortid som har gitt moglegheit for artar knytt til gamal alm. Det er gjort funn av fleire raudlista artar båe stadene. Områda vil truleg bli øydeleggjande negativt påverka av kraftstasjon/røyrgate. Fossa og Skorga har også alm langs nedre del av vassdraget, men der er det ikkje funne grove almar med styvingsfortid, så artsmangfaldet knytt til alm er då langt fattigare. Langs Fossa ser ein eit landskap prega av stor påverknad frå elva. Her er mange gamle elvelaup der finmassane er vaska bort. Andre stader ligg det store haugar med stein som har bygd seg opp. I delar av området har ein påverknad både av flaum og av snøras knytt til sjølv elvestrengen. Dette vil halde fram sjølv med utbygging, men ei redusert vassføring over lengre periodar enn no kan føre til endra tilhøve for vegetasjonen langs elva. Sidan det er få andre slike vassdrag i dette området som framleis har full vassføring, er det difor viktig at slike vassdrag kan bli igjen urørt. For dei tre kraftverksprosjekta på nordsida av Sunndalen er øvre del av utbyggingsstrekka svært bratt, og jorddekket er tynt eller fråverande. Skorga/Fossa har løyst denne utfordringa med boring framfor nedgraving av røyr. Somrunen og Gryta har ikkje løyst dette. Inngrepa vil bli svært store og skjemmande. Det kan vere spørsmål om ein i det heile vil få stabilisert massane i delar av røytraseen etter inngrepet. Særleg det austre løpet av Skorga har eit fossefall som gir inntrykk. Det er truleg berre Vinnu og Erstad elva i Sunndal som gir like sterkt landskapsinntrykk for vassdrag i småkraftstorleik. Inntaka er generelt lagt så høgt som det går an utan at ein kjem inn i verneområde.

Konklusjon:

Gryta og Somrungen bør ikkje få konsesjon. Verknaden på biologisk mangfald i tillegg til landskapsmessig påverknad er dei viktigaste argumenta for at desse ikkje skal byggast ut. Gryta er dessutan representant for vassdrag som har strekningar som renn tørre.

Skrondalselva bør ikkje få konsesjon. Det er svært få vassdrag som ikkje er bygd ut i Øksendalen, og vassdraget må truleg reknast som typevassdrag med omsyn til at elva renn tørr på strekningar i eit område med såkalla triviell natur. Triviell natur knytt til vassdrag med naturleg vassføring har blitt såpass sjeldan at det langt på veg fyller kriteria for å bli ført opp på raudlista.

Når det gjeld Hareima er denne aleine representant for vassdrag på sørsida av Sunndalen. Truleg har Grøa hatt større verdiar, men sidan det vassdraget alt er bygd ut, så må ein ha igjen eit vassdrag som får renne fritt, og då må det bli Hareima.

Utbyggingsløyisinga for Skorga/Fossa er vesentleg betre enn dei andre for landskapspåverknader. Samtidig er bortfall av vatn i desse vassdraga særleg alvorleg som følgje av eit sterkt landskapsinntrykk.

Dei vassdraga som det ikkje er store innvendingar til å bygge ut er i Sunndal alt bygd ut. Alle dei fem vassdraga som er omsøkt i denne pakka har såpass store biologiske verdiar, landskapsverdiar eller verknader for friluftslivet at det er nødvendig å avslå søknadene.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

v/Øystein Folden, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett

www.naturvernforbundet.no/mr